

# Eid fjord SV – Ei stemme for framtid!



# Eid fjord for dei mange

*Eid fjord SV vil ha ein politikk som byggjer på små skilnadar og sterke fellesskap, med rein natur og mål om ei grønare framtid. Velferd og naturressursar skal tena oss alle, ikkje gje forteneste til nokre få.*

*Omsynet til innbyggjarane i Eid fjord skal stå sentralt i utviklinga av Eid fjord som ein god plass å bu.*

## BUKOMMUNEN EIDFJORD

For å skapa bulyst meiner me at det er viktig å halda innbyggjarane i fokus. Kva skal til for at innbyggjarane i Eid fjord skal trivast og kjenna at Eid fjord er ein god plass å bu året rundt?

### Eid fjord SV meiner det er viktig å:

- Lytta til innbyggjarane og sikra at innbyggjarane si stemme vert høyrt.
- Leggja til rette for å skape gode og stabile arbeidsplassar året gjennom.
- Ha fokus på kvalitet og gode tenester til innbyggjarar i alle aldrar.
- Skapa eit levande sentrum, med fokus på sosiale møteplassar.
- Motivera til ei næringsutvikling med fokus på innovasjonskultur.
- Ta imot og hjelpe alle som buset seg i bygda i etableringsfasen og det sosiale livet.
- Tilby nye innflyttarar ei velkommenpakke og eit introduksjonsmøte.
- Heisa eit kven-, same- og regnbogeflagg i samanheng med respektive markeringar.

## HELSE OG OMSORG

Eid fjord SV vil jobba aktivt for å etablera eit fag- og omsorgssenter for born, ungdom og familiar for å styrkja det tverrfaglege samarbeidet både lokalt i kommunen og interkommunalt. Her kan me samla tenester for fleire brukargrupper som kan få eit profesjonelt og heilheitleg tilbod i kommunen. T.d., pedagogisk psykologisk teneste (PPT), barnevernteneste, barn- og familiehjelp, fysioterapitenester til barn og unge, og helsestasjon tilbod. Det kan òg etablerast bustadar/aktivitetssenter for psykisk og fysisk utviklingshemma og senter for avlastning og rehabilitering med meir.

SV meiner Eid fjord, med sin plassering, har alt til rette for å etablera eit slikt senter. Det vil òg bidra til gode faglege tenester og skapa heilårsarbeidsplassar.

### Eid fjord SV vil jobba for:

- Å styrkja fysioterapitilbodet på bygdaheimen.
- Å styrkja aktivitetstilbodet på ettermiddag.
- Å oppretthalda tilrettelagde aktivitetstilbod til dei eldre.
- At ambulansestasjonen i Eid fjord skal bestå som no.
- Å sikra gode legetenester.

# OPPVEKST OG DEI UNGE

## Eid fjord SV vil jobba for:

- At bemanninga i barnehagen skal fylgja norma i heile opningstida.
- At Eidfjord innfører heildagsskule for å utjamna sosiale ulikskapar.
- Å styrkja sosialfagleg kompetanse i skulen.
- Innføring av gratis lunsjmåltid til borna i barnehagen og skulen, og gratis skulefritidsordning (SFO).
- Å byggja ny barne- og ungdomsskule på Lægreid.
- Å skapa eit bilfritt område kring barnehagen og skulen.
- Etablering av rådgjevande tenester, som PPT, i eigen eller interkommunal regi.

## Eid fjord SV vil:

- Samarbeida og lytta meir til kva dei unge ynskjer og er opptekne av, gjennom t.d. ungdomsrådet.
- Jobba for å bevara eit aktivt ungdomsråd.
- Jobba for å oppretthalda dei møteplassane og aktivitetane som me har, samt etablera nye.
- Etablera nye næringar og arbeidsplassar for at dei unge skal ynskja og ha moglegheit til å flytta tilbake etter endt studie.
- Behalda ro, fred og gode urøyrd naturopplevingar for dei oppvaksande generasjonane.

# NATUR OG MILJØ

SV har fått til ei ENØK tilskotsordning som me ynskjer å vidareføra.

## Eid fjord SV vil at:

- Kommunen skal gje tilskot til miljøvenlege energitiltak for private.
- Ostangen som park vert utvida og utbetra.
- Det vert stilt krav til at utbyggjarar av hytter, legg til rette for utleige.
- Kommunen sikrar og opprettheld naturstiar.
- Det vert bygd nok toalettanlegg til å dekkja behovet, fleire stadar i kommunen.
- Villreinstamma vernast og byggjast opp.
- Det vert tilrettelagd for resirkulering for hyttefolk og turistar.
- Cruisebåtane snarast råd får landstraum.
- Kommunen seier klart nei til vindkraft og klart ja til oppgradering av vasskraftanlegg.
- Nedbyggjinga av naturen i kommunen stansast og at matjord og urøyrd natur skal vernast.
- Opprusting, utviding og vedlikehald av turstiar og gang- og sykkelvegnett vert prioritert.
- Kommunen bevarer område med grøne lunger i sentrum.



## ANETT VIVELI

LISTETOPP OG ORDFØRARKANDIDAT

- Engasjert i bukommunen og framtida til Eidfjord.
- Er for betre kontroll med turismen og ynskjer betre tilrettelegging i sentrum.

# NÆRINGSLIV

## Eid fjord SV vil:

- Jobba aktivt for næringsutvikling i Simadal.
- Leggja til rette for berekraftig reiseliv som bidreg til lokal verdiskaping.
- At kommunen opprettar ein plan for berekraftig turisme saman med det lokale næringslivet.
- At næringslivet ryddar langs passasjerløypene deira ein gong i veka.
- Stimulera landbruket til å driva berekraftig *og miljøvenleg i alle ledd*.
- Jobba for å revidera næringsstøtta. Berekraftig næring med tydeleg miljøfokus bør prioriterast med tanke på tilskot.

# BUSTADUTVIKLING

## Eid fjord SV vil at:

- Det må til ei kvar tid vera eit variert tilbod om bustadar, t.d. leilegheiter i sentrumsnære området, for å jobba aktivt for å auka innbyggjartalet og få til arbeidsplassar.
- Innsatsen med å leggja til rette for bustadutvikling vert auka.
- Bustadfelt på Bu vert utgreidd.

# TURISME

## Eid fjord SV vil at:

- Sentrum skal leggjast til rette for aukande turisme.
- Kommunen skal verta meir selektiv og halda på verdiane i Eid fjord.
- Turismen skal styrast av Eid fjord, Eid fjord skal ikkje styrast av turismen.
- Talet på cruiseanløp i høgsesongen vert redusert.
- Det vert krav om nullutslepp frå båtar som ligg ved kai i Eid fjord.
- Bussparkering, bobilømming og parkering etablerast på Kjerøyna.

# SAMFERDSEL

## Eid fjord SV vil at:

- Trafikksikring og rådyrskilting forbetrastr, og Bu får eit fotgjengarfelt til busstasjonen.
- Tiltak for å sikra lokalfolkesetnadene og turistane i og nær sentrum vert prioritert.
- Skilting i sentrum vert betre, og turistane skal haldast unna skule og barnehage.
- Eid fjord får eit betre kollektivtilbod.

## VALLISTE EIDFJORD SV

- |                             |                      |                                 |
|-----------------------------|----------------------|---------------------------------|
| 1. ANETT VIVELI             | 5. Trygve Solberg    | 9. Robin Sigfred Viveli         |
| 2. GRETE NÆSS               | 6. Ida Viveli        | 10. Petya Todorova Engseth      |
| 3. BJØRN KÅRE ENGSETH       | 7. Håvar Opstad Sæbo | 11. Lilliann Høyvang Andreassen |
| 4. JENNIFER ARIELLA SOLBERG | 8. Emily Hus         | 12. Sveinung Tveit              |



Meld deg inn i SV!

Send SMS med:

INNMELDING <din e-post>,  
<ditt namn>, og <adressa di>  
til 2090 (100 kroner)

Vestland SV  
St. Jakobs plass 9  
5008 Bergen  
vestland@sv.no  
sv.no/vestland